

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/6946-1

## **Kostnadsreduksjonar samferdsle 2017 - 2019. Innspel frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.**

### Vedlegg:

Kostnadsreduksjonar samferdsle 2017 - 2019

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Sogn og Fjordane fylkeskommune tilpassar seg nye økonomiske rammer. Samferdsleavdelinga har alt begynt å gjennomføre ulike kostnadsreducerande tiltak innanfor områda kollektivtrafikk og fylkesvegar. Det vert lagt opp til kostnadsreduksjonar over fleire år framover mot 2019.

Hausten 2016 vil det bli lagt fram tiltak som skal gjelde frå 19. juni 2017. Som tidlegare år vert det ein ruteplanprosess der samferdsleavdelinga inviterer kommunane og andre interesserte til å kome med ruteinnspel . Frist for innspel til endringar i rutetilbodet frå 19 . juni 2017, er seinast 3. oktober 2016 .

For åra 2018 til 2019 vil det verte greidd ut større kutt som gjev tilsvarande større konsekvensar. For å sikre mest mogleg kunnskap om behovet til innbyggjarane ynskjer vi dialog med kommunane.

Samferdsleavdelinga treng tilbakemelding på kva tenester som er spesielt viktige for innbyggjarane i ulike område av fylket vårt, og kva som er mindre viktig. Samferdsleavdelinga er difor opne for å møte kommunar for samtalar om kva behov som er i ulike område. Samferdsleavdelinga oppmodar kommunane i fylket til å ta kontakt med samferdsleavdelinga dersom de i har ynskje om eit møte med administrasjonen. Samferdsleavdelinga set av ekstra tid til slike møte utover vinteren 2016/17.